

Fylkesprognosar Hordaland 2017-2040: Bustad

AUD-rapport nr. 1.2-17



Utgivar:	Hordaland fylkeskommune, Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse http://www.hordaland.no/aud
Tittel:	"Fylkesprognoser Hordaland 2017-2040: Bustadbehov"
Publikasjonsserie/nr:	AUD-rapport nr: 1.2-17 http://www.hordaland.no/aud-rapportar
Dato:	1.2.2016
Forfattarar:	Lasse Kolbjørn Anke Hansen
Epost:	lasse.hansen@hfk.no
Telefon:	99 22 84 58

Innhald

Samandrag	3
Definisjonar.....	3
Om Fylkesprognoser.no	4
Kort om føresetnader og metode for bustadbehovprognosane	4
Framtidig bustadbehov etter type hushald.....	5
Framtidig bustadbehov etter bustadtype.....	6
Framtidig bustadkonsum etter alder og kjønn.....	7
Utvalde data på kommunenivå	11

Samandrag

Denne rapporten inneheld Hordaland fylkeskommune sin prognose for framtidig bustadbehov i Hordaland fram mot 2040. Den er basert på fylkeskommunen sin prognose for framtidig folketal som er publisert i *AUD-rapport nr 1.1-2017 - Fylkesprognosar Hordaland 2017-2040: Befolkning*.

Samanlikna med 2015, vil det i 2040 vere behov for 55 500 fleire bustader i Hordaland. 25 000 av desse vil vere for einslege, 19 500 for familiar med relativt lite arealkonsum (par utan barn og einslege foreldre med barn), og 11 000 for familiar og hushald med stort arealkonsum (par med barn, hushald med vaksne barn og fleirfamiliehushald). 63 % av dei nye bustadene vil det vere behov for i Bergen.

Over dei 25 åra frå 2015 til 2040 vil det da vere behov for å auke bustadmassen med 2 200 bustader per år. Modellane våre bereknar ikkje bustadavgang – bruksendring, riving, blir ståande tomme, etc. *Byggebehovet* vil derfor vere større enn 2 200 bustader per år. I 2015 blei det fullført 2 852 bustader i Hordaland, som er omlag 250 fleire bustader enn snittet for dei siste 15 åra.

Om framtidig etterspørsel for bustader er lik den bustadstrukturen vi har i dag, vil det vere etterspørsel etter 27 000 nye einebustader, 15 000 einingar i bustadblokker/bufellesskap, og 13 000 nye tomannsbustader/rekkehus. Samanlikna med tala for hushalda over, vil dette vere for mange store og arealkrevjande bustader og for få tettbygde bustader til å matche den venta folkeveksten.

Definisjonar

Bustad: Alle husvære med eitt rom eller meir og kjøkken.

Bustadbehov: Talet bustader som blir etterspurt i ein region i ein periode.

Bustadkonsum: Viser kor stor del av bustadmassen som vil bli brukt (konsumert) av innbyggjarane fordelt på alder og kjønn.

Bustadtype: Bustad er her delt inn i følgjande kategoriar: Einebustad, tomannsbustad, rekkehus, bustadblokk og bufellesskap (til dømes studentbustader og institusjonar).

Bustadtypepreferansar: Kva type bustad ein ville vald om ein fekk velje fritt, utan økonomiske eller materielle avgrensingar.

Hushald: Eit hushald omfattar personar som har same bustad.

Hushaldtype: Hushald er her delt inn i følgjande kategoriar: fleirfamiliehushald med barn (under 18 år), fleirfamiliehushald utan barn, einfamiliehushald med vaksne barn (over 18 år), mor eller far med barn, par med barn, par utan barn og aleinebuande.

PANDA: Plan- og analysesystem for næring, demografi og arbeidsmarknad (PANDA), er eigd av fylkeskommunane og vert drifta av SINTEF Teknologi og samfunn.

Prognose: Framskrivning bygd på ein eller fleire føresetnader.

Om Fylkesprognoser.no

[Fylkesprognoser.no](http://fylkesprognoser.no) er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunane som deltek i *Pandagruppen*. Denne gruppa eig *Plan- og analysesystem for næring, demografi og arbeidsmarknad* (PANDA), som teknisk vert drifta av *SINTEF Teknologi og samfunn*. Fylka står sjølv ansvarleg for sin eigen bruk av PANDA og utarbeiding av dei fylkesvise rapportane. SINTEF har ikkje ansvar for dei val og konklusjonar fylka gjer i sin bruk av PANDA og publikasjon av Fylkesprognoser.no. Eventuelle feil eller feilvurderingar i rapportane er fylka sine.

Vi har i år valt å publisere tre rapportar: ein for befolkning, ein for bustadbehov og ein metoderapport.

Rapportane i Fylkesprognoser.no for Hordaland er utarbeidd av Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse i Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Dei presenterer i all hovudsak data og prognosar på fylkesnivå. I prognosekjøringane er det berekna fleire tal på kommunenivå enn det som er publisert i desse rapportane, og meir detaljerte data og prognosar på kommunenivå kan lastast ned frå statistikk.igest.no. Om ein har spørsmål knytt til fylkesprognoser.no eller ønskjer tilgang til andre data (for Hordaland) kan ein ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse. Kontaktinfo på side 2.

Bergen, 1.2.2017


Kort om føresetnader og metode for bustadbehovprognosane

Framtidas bustadbehov blir i hovudsak påverka av folketalet og alderssamansettinga i befolkninga. Aldersforskyvingar i befolkninga forårsakar direkte endringar i bustadbehovet. Kva type hushald ein person (gjeve alder og kjønn) i framtida er venta å finne seg i, er også relevant. Det same er forventta bustadkonsum innafor ulike typar hushald, bustader, alder og kjønn. Basert på befolkningsprognosen som er køyrt i samband med fylkesprognoser.no får ein også berekna prognosar for bustadbehov. Hushald- og bustadfrekvensar som finns i PANDA-modellen blir kopla mot befolkningsprognosane og bereknar det framtidige bustadbehovet. Vi legg til grunn at hushaldsetableringar og bustadtypepreferansar vi i dag finn blant ulike aldersgrupper ikkje blir endra i prognoseperioden.

Prognosar og framskriving av folketalsutvikling og bustadbehov er basert på historisk utvikling, og dette kan – og vil – avvike frå den utviklinga som faktisk vil skje. Ein må vere medviten om at prognosane ikkje er faset på framtidig utvikling, og at dei er forbunde med feilkjelder. I langsiktig planlegging må ein derfor bruke prognosar med varsemnd. Planar må vere robuste og fleksible nok til at dei kan handtere ulike framtidsscenario, både at veksten blir høgare eller lågare enn prognosane tilseier. I årets Fylkesprognoser.no har vi lagt oss på eit framtidsscenario som føreset at utviklinga framover vil speile utviklinga slik den har vore dei siste snaue 20 åra, men utan at vi når dei toppane vi hadde seint på 2000-talet. Dermed ventar vi mindre innvandring enn SSB gjer i sitt hovudalternativ. Dette er diskutert meir utførlig i metoderapporten.

Denne rapporten føreset at befolkningsutviklinga følgjer vårt hovudalternativ. Sjå *AUD-rapport nr 1.1-2017 - Fylkesprognosar Hordaland 2017-2040: Befolkning* for meir info. Vi har i tillegg berekna tre alternative prognosar: eit høgalternativ, eit lågalternativ og eit alternativ med null nettoinnvandring. Det er også tal på bustadbehov knytt til desse alternativa tilgjengeleg på statistikk.igest.no. Her er det også meir detaljerte tal på kommunenivå enn det som ligg i tabell 1.

Framtidig bustadbehov etter type hushald



Figur 1: Prognose for det samla bustadbehovet for ulike typar hushald. Kjelde: egne prognosar generert i PANDA.

I 2015 var det behov for 218 500 bustader for å huse befolkninga i Hordaland. Innan 2040 er det behov for 55 337 fleire bustader. Dette er i snitt ein auke på 2 200 bustader per år, eller 0,9 % (som er 0,1 prosentpoeng høgare enn venta folkevekst i fylket).


Figur 1 viser framtidig fordeling av bustadmassen etter type hushald. Den største delen, både i dag og i framtida, er aleinebuande (37 % i 2015, aukande til 39 % i 2040). Den nest største gruppa i dag er par utan barn (24 % i 2015, 25 % i 2040).

Kommentar

Som nemnt i kapitlet om føresetnader og metode er bustadkonsumet etter alder og kjønn halde konstant: Alle endringane skuldast derfor endringar i befolkningssamansettinga.

Dermed er dei innbyrdes endringane eit resultat av befolkningssamansettinga. I tal vil alle hushaldtypane auke, og mest reell vekst vil kome i den største gruppa. Det vil i 2040 vere behov for nesten 25 000 fleire bustader for aleinebuande, 18 000 fleire for par utan barn, 6 000 fleire for par med barn, 3 000 fleire for einfamiliehusald med vaksne barn (18 år og eldre), 1 300 fleire for einslege forsørgjarar, 1 500 fleire for fleirfamiliehusald utan barn, og 500 fleire for fleirfamiliehusald med barn. I prosent vil det vere størst behov for auke i bustader for par utan barn (35 %), og minst for par med barn (13 %).

Framtidig bustadbehov etter bustadtype



Figur 2: Framskriving av det samla bustadbehovet i Hordaland fordelt på bustadtype. Kjelde: egne prognosar generert i PANDA.


Framskrivinga for bustadtype (figur 2) føreset at dagens samansetting av, og preferansar for, bustadmassen er halde konstant. Dette har vore i endring historisk, og må endre seg i framtida. Gitt desse føresetnadene, vil det seie at nær halvparten av bustadene vil vere einebustader, 22 % vil vere i bustadblokker, 16 % vil vere tomannsbustader, 8 % rekkehus og 3 % bufellesskap. I så fall vil det vere etterspørsel etter 27 000 fleire einebustader (1 100 per år) i 2040, 13 000 fleire blokkeiningar (517 per år), 9 500 tomannsbustader (381 per år), 3 500 fleire rekkehus (141 per år), og 2 000 einingar i bufellesskap (81 per år).

Kommentar

Framskrivinga av bustadbehovet i Hordaland syner ein stor etterspørsel etter einebustader, noko som ikkje er i tråd med ei målsetting om auka fortetting. På denne måten synleggjer ein konsekvensane av å oppretthalde eit utbyggingsmønster som vi har i dag. Prognoser kan dermed underbyggje behovet for trendskifter i planlegginga, og med krav til fortetting blir framskrivinga «feil» (den vil ikkje bli faktum): Ein kan ikkje vente seg at halvparten av nybygde bustader er einebustader. I staden må ein større del av denne bustadmassen bli erstatta av meir konsentrerte bustadformer, fortrinnsvis bustadblokker og rekkehus. Figur 1 viste oss at behovet er størst for bustader for einslege og par utan barn. Dette utgjer 60 % av det venta behovet på 55 000 nye bustader, og her ligg eit sterkt fortettingspotensiale.

Sjå figur 6 for fordeling av bustadtypar etter bebuarane sin alder.

Framtidig bustadkonsum etter alder og kjønn



Figur 3: Prognose for det samla bustadkonsumet innanfor ulike aldersgrupper i fylket. Kjelde: egne prognosar generert i PANDA.

Figur 3 viser venta bruk av bustadmasse frå 2015 til 2040 etter alder, rekna om til tal bustader (bustadkonsum).


Bustadkonsum skil seg litt frå bustadbehov ved at det blir rekna ut kor stor del av den samla bustadmassen som vil bli brukt (konsumert) av innbyggjarane fordelt på alder og kjønn. Berre dei som bur aleine har behov for ein heil bustad. Dei som ikkje bur aleine har behov for sin del av bustaden. I modellkjøringa er til dømes ingen under 15 år venta å bu aleine, mens over halvparten av kvinnene over 80 år er venta å bu aleine. Det samla konsumet vil vere likt det samla bustadbehovet i figur 1 og 2, men inndelinga i aldersgrupper i figur 3 er basert på aldersgruppene sin del av bustadmassen, og ikkje gjensidig utelukkande kategoriar som i figur 1 og 2.

Ettersom vi blir fleire hordalendingar i alle aldersgrupper, blir det også auka konsum av bustader for alle aldersgrupper. Prosentveksten i bustadkonsumet i perioden 2015-2040 er venta å vere størst for dei over 75 år (+ 99 %), deretter for aldersgruppene 60-74 år (35 %), 40-59 år (19 %), 0-14 år (13 %), 25-39 år (9 %), og 15-24 år (5 %). I absolutte tal er veksten også venta å vere størst for aldersgruppa 75+ år (tilsvarande 22 000 bustader), deretter 60-74 år (14 000), 40-59 år (10 500), 25-39 år (4 000), 0-14 år (3 000), og 15-24 år (1 500).

Kommentar

Fordi til dømes 78 % av 0-14-åringar er venta å bu blant par med barn og 17 % blant mor/far med barn, og kvar av dei er venta å utgjere 37 % av par-med-barn-hushald og 40 % av mor/far-med-barn-hushald, og dermed i snitt litt under $\frac{1}{4}$ av ein bustad, vil den reelle bustadmassen som trengs for å busette framtidige hushald med 0-14-åringar i 2040 vere rundt 26 000 bustader. Desse bustadene vil også huse ein del 15-24-åringar, 25-39-åringar, 40-59-åringar, osv. Det auka *bustadarealet* som barn mellom 0 og 14 år brukar, vil derimot svare til nesten 6 500 heile bustader.

**Bustadkonsum etter kjønn og alder,
for åra 2015 og 2040**




Figur 4: Historisk statistikk og prognose for bustadkonsumet i Hordaland fordelt på aldersgrupper og kjønn. Kjelde: egne prognosar generert i PANDA.

Figur 4 viser bustadkonsum i 2015 og 2040 etter kjønn og alder.

Kommentar

Det er venta vekst i tal innbyggjarar for begge kjønn og i alle aldersgrupper. I relative tal (ikkje vist i figuren) vil aldersgruppene sin del av bustadkonsumet bli redusert for alle aldersgrupper frå 0 til 64-åringar, og vere relativt stabilt for 65-69 åringar. For dei over 70, og da spesielt for dei mellom 70 og 89, vil desse aldersgruppene sin del av bustadkonsumet auke betydelig. Endringane i fordelinga av type hushald i figur 1 (spesielt auken i delen aleinebuande), er resultat av denne aldersforskyvinga.

Årleg endring i bustadkonsum etter alder i perioden 2015-2040




Figur 5: Årleg framtidig vekst i bustadkonsumet innanfor ulike aldersgrupper. Kjelde: egne prognosar i PANDA.

Figur 5 viser årleg utvikling i bustadkonsumet frå 2015 til 2040 etter alder. Den samla veksten er vist med den svarte linja, og er den same som den samla endringa i bustadmasse. Denne veksten ligg rett over 1 % per år fram til 2020 og går deretter ned og ligg rett under 0,75 % i 2040.

Kommentar

Forskyvingane i konsumet (som kommentert under figur 4) er vist i figur 5. Auken i bustadkonsum frå år til år vil vere nokså konstant for aldersgruppa 40-59 år, medan veksten for aldersgruppa 0-14 år vil bli mindre år for år. Auken i konsumet vil over tid også gå ned blant 25-39-åringar, og faktisk erstattast av nedgang mellom 2026 og 2031, før det igjen er (svak) vekst 2032-2040. Bustadkonsumet blant 15-24-åringar vil gå ned fram til 2021, før det går i null i 2022 og deretter svingar mellom ein årleg vekst på 0 og 1 % i perioden 2023-2040. Veksten i konsumet blant 60-74-åringar går først kraftig ned, før det aukar igjen. For dei over 75 er utviklinga det motsette: for denne gruppa vil det vere bratt vekst i bustadkonsumet dei neste åra, og deretter vil vekstraten gå ned att etter 2021, men framleis vere høg.

Framtidig bustadkonsum etter aldersgrupper og bustadtypar for åra 2015 og 2040



Figur 6: Framskriving av det samla bustadkonsumet i fylket innanfor ulike aldersgrupper og fordelt på bustadtype. Det er føreset i framskrivinga at bustadtypepreferansane i dag ikkje endrar seg i framtida. Kjelde: egne prognosar generert i PANDA.

Framskrivinga for konsum etter bustadtype føreset det same som for figur 2: at samansettinga av bustadmassen er konstant.

Kommentar

Framskrivinga er nyttig for å vise kven som er venta å bu i dei ulike bustadtypane om vi stoppar utviklinga i korleis bustadtypane er fordelt og kven som bur i dei. Vi ser at vaksne med utflytta barn (aldersgruppa 60-74) og seniorar (75-99 år) er venta å sitte på ein vesentleg del av einebustadmassen om bustadtypepreferansane kan bli halde som i dag. Det kan vere mykje areal å spare om fleire av desse flytta til mindre bustader og på den måten frigjere einebustadene for større familiar som på sin side kan frigjere leilegheiter, samt redusere behovet for å bygge nye einebustader for yngre familiar.

Utvalde data på kommunenivå

Tabell 1 viser venta fordeling av bustader etter type hushald og bustad i kommunane og regionane i Hordaland i 2015 og 2040.

Dei to første kolonnane (under «Tal hushald») viser at det i 2040 er behov for 55 500 fleire bustader i Hordaland enn i 2015. Dette gir eit snitt på 2 200 nye bustader i året. 63 % av desse vil det vere behov for i Bergen. I Hordaland blei det fullført 2 852 nye bustader i 2015, noko som er omlag 250 bustader over snittet for dei siste 15 åra.¹ Sidan årtusenskiftet er rekorden i talet fullførte bustader på eitt år i Hordaland 3 527, satt i 2007.

Om vi reknar den «sentrale» Bergensregionen som Bergen, Os, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Askøy, Fjell, Sund og Øygarden, vil det vere behov for at 97 % av dei nye bustadene i Hordaland (53 500) kjem i Bergen og dei bynære kommunane. Dette svarer til 2 150 bustader per år. I 2015 blei det fullført 2 278 nye bustader i desse kommunane, noko som er omlag 250 bustader over snittet for dei siste 15 åra. Rekordåret er 2005, med 2 688 fullføre bustader, men også i 2008 og 2013 blei det fullført meir enn 2 600 bustader i desse ti kommunane.


Dei neste fire kolonnane viser observert og venta fordeling av type hushald. Det er størst behov for fleire bustader for einslege (24 500 fleire innan 2040). Dei siste fire sett med kolonnar viser korleis bustadmengda vil vere fordelt om vi opprettheld den bustadsamansettinga vi har i dag. *Dette er ingen realistisk prognose*, men viser kva som kan skje om hordalendingane i framtida kan busette seg som i dag. I så fall vil det vere etterspørsel etter 27 000 fleire einebustader enn i dag (+ 25 %). Det svarer til 1 100 nye einebustader kvart år framover.

Denne rapporten føreset at befolkningsutviklinga følgjer vårt hovudalternativ. Sjå *AUD-rapport nr 1.1-2017 - Fylkesprognosar Hordaland 2017-2040: Befolkning* for meir informasjon. Vi har i tillegg berekna tre alternative prognosar: eit høgalternativ, eit lågalternativ og eit alternativ med null nettoinnvandring. Det er også tal på bustadbehov knytt til disse alternativa tilgjengeleg på statistikk.igest.no. Her er det også meir detaljerte tal på kommunenivå enn det som ligg i tabell 1.

¹ Kjelde på alle tal på fullførte bustader: SSB Statistikkbanken, tabell 05940 (henta 17.1.17).

	Tal hushald		Einslege		Par utan barn, einslege foreldre med barn		Par med barn og einfamilehush. med vaksne barn		Fleirfamilehush.		Einebustad		Tomannsbustad og rekkehus		Bustadblokk		Bufellesskap og anna	
	2015	2040	2015	2040	2015	2040	2015	2040	2015	2040	2015	2040	2015	2040	2015	2040	2015	2040
Hordaland	218 623	273 959	81 041	105 658	60 997	80 475	64 549	73 786	12 036	14 040	108 167	135 051	52 872	65 911	48 388	61 318	9 197	11 679
Bergen	124 442	159 425	46 848	61 441	34 118	46 128	36 357	43 377	7 119	8 479	37 051	48 139	37 937	48 252	46 226	58 762	3 228	4 271
Sunnhordland	25 970	28 408	9 482	11 227	7 460	8 710	7 680	7 135	1 348	1 336	20 555	22 562	3 390	3 547	427	526	1 599	1 772
Ethne	1 657	1 699	618	692	478	540	476	391	85	76	1 372	1 398	121	132	13	17	152	152
Sveio	2 217	2 758	787	1 061	637	845	683	732	110	120	1 903	2 358	152	189			163	211
Bømlo	4 669	5 080	1 689	1 997	1 321	1 554	1 414	1 287	245	242	3 937	4 323	527	545			206	213
Stord	7 571	8 896	2 732	3 443	2 115	2 665	2 309	2 346	415	442	5 344	6 328	1 578	1 758	350	454	298	356
Fitjar	1 189	1 119	433	460	340	353	359	261	57	45	1 045	972	61	48			83	100
Tysnes	1 217	1 185	471	474	378	362	309	293	59	56	1 003	972	39	40			175	174
Kvinnherad	5 563	5 415	2 070	2 227	1 657	1 713	1 554	1 228	282	247	4 312	4 239	867	787	28	23	355	365
Austevoll	1 885	2 254	682	874	533	677	576	597	94	106	1 639	1 971	45	50	35	32	166	201
Hardanger	9 671	8 380	3 765	3 575	2 889	2 682	2 565	1 779	452	344	6 653	5 814	2 009	1 668	435	358	574	539
Jondal	416	332	168	155	124	102	108	65	16	10	353	287	20	15			42	29
Odda	3 153	2 431	1 246	1 048	939	789	811	490	157	104	1 366	1 035	1 290	992	371	292	126	112
Ullensvang	1 408	1 198	540	509	424	380	378	258	66	51	1 210	1 024	75	59	3	2	122	113
Eidfjord	393	306	156	146	117	112	107	42	13	6	338	255	28	22			29	29
Ulvik	441	369	174	163	132	118	122	79	13	9	348	290	34	26	14	17	45	38
Granvin	392	337	156	149	123	111	102	70	11	7	348	286	28	26			16	25
Kvam	3 464	3 407	1 324	1 405	1 029	1 069	935	778	176	155	2 689	2 637	534	528	47	48	193	194
Voss	5 886	6 259	2 250	2 511	1 729	1 904	1 603	1 539	304	305	3 935	4 123	1 091	1 160	475	568	388	408
Bjørnefjorden	10 211	13 679	3 648	5 215	2 899	4 022	3 125	3 765	539	677	7 660	10 307	1 762	2 329	184	246	605	796
Fusa	1 497	1 636	561	660	444	498	423	409	69	69	1 271	1 397	71	76	7	6	148	157
Samnanger	1 007	1 109	379	453	304	339	279	270	45	47	803	893	100	107	18	19	84	89
Os	7 709	10 933	2 709	4 103	2 152	3 184	2 423	3 086	425	560	5 586	8 017	1 591	2 146	159	221	372	550
Vest	24 221	35 470	8 419	13 073	6 646	10 366	7 821	10 213	1 335	1 818	18 340	27 049	4 178	5 845	320	455	1 384	2 121
Sund	2 631	3 769	927	1 421	744	1 116	819	1 045	141	187	2 281	3 277	121	171			230	321
Fjell	9 076	13 107	3 148	4 851	2 455	3 858	2 962	3 727	511	671	6 846	9 902	1 518	2 095	51	71	662	1 038
Askøy	10 641	15 902	3 671	5 823	2 917	4 626	3 469	4 630	584	823	7 724	11 716	2 281	3 213	269	384	368	590
Øygarden	1 873	2 692	673	978	530	766	571	811	99	137	1 490	2 153	257	366			125	173
Osterfjorden	4 986	5 495	1 857	2 130	1 451	1 660	1 422	1 441	256	264	3 941	4 350	707	768	90	95	247	283
Vaksdal	1 747	1 727	679	683	515	528	466	434	87	82	1 226	1 206	375	372	78	80	69	67
Modalen	127	146	42	51	40	47	42	44	3	4	105	121	15	18			6	7
Osterøy	3 111	3 623	1 135	1 396	896	1 085	914	963	166	179	2 610	3 023	317	377	12	14	173	209
Nordhordland	13 237	16 846	4 772	6 487	3 806	5 004	3 977	4 538	682	817	10 033	12 707	1 800	2 344	231	307	1 173	1 486
Meland	2 893	4 445	1 002	1 656	795	1 285	939	1 279	157	225	2 170	3 308	466	735	96	146	161	257
Radøy	2 084	2 443	769	951	604	729	603	644	108	119	1 742	2 053	180	200			162	192
Lindås	6 147	7 879	2 202	3 024	1 770	2 320	1 848	2 139	327	396	4 458	5 724	1 046	1 311	135	161	509	682
Austrheim	1 221	1 275	448	512	371	410	347	302	55	51	898	937	50	52			273	286
Fedje	209	181	78	72	66	59	60	46	5	4	183	158	11	10			15	13
Masfjorden	682	620	273	271	201	201	180	127	28	21	582	527	46	36			52	57

Tabell 1 viser utvalde tal for kommunar og regionar i Hordaland. Kjelde: eigen prognose via PANDA.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

